

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.10.2015**

**Pål Kårbø** sette på vegner av KrF, A, Sp og SV fram slikt forslag:

"Endring av punkt 2:

Tilskotet utgjer ein årleg sum lik "tilskottet til opposisjonsgrupper" kr 645.000 (budsjett 2015) og skal regulerast kvart år i samsvar med punkt 4."

**Tom-Christer Nilsen** sette fram slikt forslag:

"Saka vert utsett. (Behov for grundigare utgreiing)"

### **Røysting** (forslaget om utsetjing)

Nilsen sitt forslag fekk 7 røyster (H, Frp, V, MDG) og fall.

### **Røysting** (saka)

Kårbø sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 3 røyster (H).

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1, 3 og 4 vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 3 røyster (H).

### **Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget godkjenner at det for valperioden 2015-2019 vert utbetalt eit tilskot til ein politisk rådgjevar for det partiet som til ei kvar tid har vernet som fylkesordførar.
2. Tilskotet utgjer ein årleg sum lik "tilskottet til opposisjonsgrupper" kr 645.000 (budsjett 2015) og skal regulerast kvart år i samsvar med punkt 4.
3. Ordninga tek til å gjelde frå 15.10.2015.
4. Ordninga med tilskott til opposisjonsgruppene på totalt kr 645.000 (budsjett 2015) vert vidareført i tråd med reglement for godtjersle til folkevalde.